

Sak 41/07 Byggje- og utviklingsprosjekt på UiS (2007/1567)

Plangrunnlag

Universitetet i Stavanger har ambisiøse planar for vekst og utvikling når det gjeld forskning, formidling og utdanning. Eit scenario som vi reknar som sannsynleg, er at vi innan 2010 skal stabilisera oss på 8000 studentar og 1200 tilsette, opp frå 7500 studentar og 950 tilsette i dag. Neste mål er å koma til 10.000 studentar og 14-1500 tilsette innan 2015. Dette er ikkje urimelege mål, rein framskriving av utviklinga frå 1999 til i dag ville gje 1550 tilsette og 9200 studentar i 2015.

Desse storleiksmåla skal realiserast gjennom målmedvite utvikling av utdanningar opp til doktorgrad, markant auke i omfang og kvalitet på forskingsverksemd og tett kontakt med relevante miljø i nærområdet. Parallelt med dette må vi då og ha planar for korleis dette skal løysast når det gjeld fysisk infrastruktur. Dette planarbeidet går jamt og trutt heile tida. I denne saka legg vi fram ein oversikt over dette planarbeidet.

Eit rimeleg plangrunnlag er at vi treng 40-50 nye kontorarbeidsplassar i året dei første 4 åra, og 50-70 i året dei neste 5 åra. I tillegg bør vi ha fleire grupperom for auke i mastergradar og vidare innføring av kvalitetsreforma. Her er talfesting vanskeleg, men om vi har som mål at masterstudentar i prosjektperiodar skal ha faste prosjektrum, og samstundes utvidar i takt med auke i studenttal, vil dette fort krevja 100 fleire slike rom. Auke i trong for spesialrom og laboratorium må vurderast opp mot dei konkrete utdanningar som kjem, men dette vil utan tvil krevja minst 4000 nye rutemeter. Alt dette vil og leggja press på biblioteket, det administrative apparatet, det studentsosiale og fridomsgrader i årsplanarbeid.

Ved førre korsvegen, då planverket for Arne Rettedals hus vart skapt, vart det lagt til grunn at vi skulle dekkja trongen for undervisningsrom for eit godt bel framover, og det er ikkje grunn til å byggja meir slike før i 2012, om ein følgjer tenkt utvikling og aukar bruksfrekvensen på slike rom.

Held ein seg til at utviding av areal bør gå om lag som auke i **studenttal** (som er monaleg mindre enn auke i **verksemd**) vert då trongen fram til 2015 på om lag 25.000 rutemeter.

Konsekvensar og praktisk virke

Utviklingsplanen for Ullandhaug har dei store liner i dette arbeidet når det gjeld overordna utvikling av bygg. Desse følgjer vi, men korrigerer undervegs om progresjon vert betre eller dårlegare enn tenkt. Tidvis må vi raskt ta inn saker som ikkje var tenkt prioriterte fordi omstende har skyvd dei fram. Eit døme her er studentane sitt hus.

Dette arbeidet ligg difor på mange ulike nivå, frå det overordna strategiske, til planarbeid for å få realisert strategiane, til å leite etter gode prosjekt i samspel med omverda, til finansiering og realisering av så vel store bygg, som små tilpassingar.

- 1) **Langsiktig verksemd.** Arbeide med alternative løysingar for større utbygging 2012 - 2015. Her vert det viktig å koma inn i "køa" hjå departementet, sidan bygg til 300 millionar og meir ikkje kan realiserast av verksemda åleine. Det er viktig å gjere eit heilskapleg grep på denne tida, fordi vi elles ender med å lappa på noko som var godt ein gong, men som ikkje høver når verksemda går vidare. Om vi til dømes skulle samla arbeidsplassar for bachelor-studentar sentralt, i tilknytning til bibliotek, krev det nytt, stort bygg. Ser vi på det vi har på lista så langt, og held det opp mot venta trong, bør eit bygg her ha storleik 10-12.000 rutemeter
- 2) **Mellomlang sikt.** Her er det viktig å halda oppsikt med i kva grad UiS oppfyller handlingsplanane og justere etter dette. Vi ser på planar for samvirke med IRIS, leigeareal om noko skulle verte ledig i nærmiljøet, moglege prosjekt om laboratorieverksemda skulle auka, innkjøp og klårgjering av grunn for nye bygg, betra infrastruktur med studentbustader og høve til handel av mat og anna, samt ombyggingar i

takt med endra trong. Vi vurderer og kjøp av kulturskulebygget i Bjergsted (fristilt i 2010-2012), om verksemda til Institutt for musikk og dans (IMD) aukar i takt med planane.

3) **Kort sikt:** Her kan vi vere ganske konkrete

- Bygging av ny veg på Ullandhaug. Dette krev kommunen skal vere løyst før vidare utbygging får skje. Dette er løyst ved at Universitetsfondet forskotterer og UiS tek det att etter kvart, seinast innan 2025. Kostnaden her er venta å liggja på 30 millionar, og arbeidet skal gjerast parallelt med bygging av SV-bygg.
- Bygging av nytt bygg til SV-fakultetet. Dette prosjektet er vedteke i styret. Grunna høg prisstiging i bygg og anlegg, og drøfting av kvalitetsnivå, har vi no ein dialog med Statsbygg om endeleg pris ein stad mellom 70 og 80 millionar kroner. Med ein del omprosjektering reknar vi med at dette kjem på plass. Vi har framleis som mål å ha bygget klårt til 010109, men ser at det kan knipa noko.
- Bygging av påbygg på Hulda Garborgs hus, ca 1500 rutemeter, for å dekkja trong i HF fram til 2012. Dette er kostnadsrekna til om lag 30 millionar, og saka vil koma til styret rett før eller rett etter sumaren.
- Bygging av Studentane sitt hus. Sjå eiga sak til styret. Vi reknar med minst 10 mill og bygginga reknar vi med å ta som del av SV-bygg-prosjektet (som ligg vegg i vegg), om styret gjev tilslutning. For finansiering her syner vi til styresak 33/07.
- Ombygging i Kjølvs Egeland til TN etter at SV-fak flyttar ut. Her er kostnad uviss, inntil TN leverer romprogram. Dette kjem i 2009, og styret vil få saka i god tid føre.
- Laboratoriebygg til TN nord for Kjølvs Egeland, ca 1500 rutemeter, i høve til planlagd vokster på TN. Kostnad ca 40 millionar, pluss teknisk utstyr som fakultetet må dekkja. Dette kjem truleg i 2009 eller 2010, og styret vil få saka i god tid føre.
- Leige av Utanriksterminalen, som vert ledig når landfeste for utanlandsferjene vert flytta. Her har vi bindande avtale om å ta over vel halvdelen i første høgda frå 010108 (erstatning for dansesal til IMD som vi hadde i SR-bank sine lokale, men der vi er oppsagde) og vi har ein dialog med konserthus-selskapet, som vert formell eigar av bygget, om mogleg innflytting i resten. Kostnad uviss, men med god rutemeterpris så sentrumsnært. Prosjektet er både knytt til IMD, og til UiS sitt høve til, og trong for, nærvær i sentrum.

4) **På gang i dag:** Det er stendig noko som skjer, sjølv om omfanget ikkje alltid er så stort. I 2007 reknar vi med at det går med om lag 3 millionar til dette. Nett no ryddar vi opp for å få lokala tilpassa universitetsverksemd.

- Byggjer kontor og omdisponerer biblioteklokale i Kjell Arholms hus
- Byggjer kontor og grupperom, samt tilpassar spesialrom i undervisningsfløya i Hagbard Linehuset (og etterakst etter bibliotekflyttinga)
- Oppfølging av Arne Rettedals hus. Universitetet har enno ikkje akseptert kvaliteten på bygget, og er i dialog om endringar og forbetringar.

5) **Nett avslutta haust 2006:** Samla universitetsbibliotek, ombyggingar og omflyttingar som konsekvens av samlokaliseringa og omorganiseringa frå 2004, utviding av parkeringsareal, ombygging i Bjergsted, samla kostnad om lag 14 millionar.

6) **Andre sine prosjekt:** Sjølv om UiS er størst og sjølv om styring av byggjeverksemda her oppe ligg hjå oss og Universitetsfondet (innføre rammene i reguleringsplanane), er det og andre aktørar som vil gjere noko her.

- Statsarkivet i samvirke med kommunen og fylket vil gjerne byggja nytt sentralarkiv på Ullandhaug. Dette er eit bygg på rundt om 16.000 rutemeter (halvannen gong Arne Rettedal!), men det meste kjem under jorda. Her er vi i dialog med interessentane, og det kan verte realisert anten nær Hagbard Linehuset, eller ved Kunnskapsparken. Her får vi ikkje kostnad, med mindre vi vil aktivisera oss i prosjektet med eige areal.
- Studentsamskipnaden i Stavanger har fått tilsegn frå Departementet om stønad til vidare bygging av studentbustader, og dei planlegg, saman med oss, 100 bustader på campus i løpet av eit par år.

- Måltidets hus i Kunnskapsparken. Etter initiativ frå Norconserv skal mykje matfagleg kompetanse i fylket samlast her. Bygget står ferdig tidleg i 2009, og vil mellom anna gje husrom til Gastronomisk institutt, som i mange år har halde hus i Ellen og Aksel Lunds hus.
- Ullandhaug kulturpark (tidlegare Ullandhaug Økologisk Gård) ligg rett oppaføre Hulda Garborgs hus, og har eit våningshus og ei driftsbygning. Som oppfølging av styresak om etablering av programområde for forskning, vil vi saman med IRIS vurdere om ei ombygging kan gje høveleg plass for å huse eit nytt Senter for innovasjon og nyskaping.

Dette er eit tverrsnitt av verksemda med fysisk infrastruktur på UiS. Største utfordringa knytt til dette er kostnadane. Difor er det viktig å planleggja grundig og å ha heilskapen for auge.

Universitetsdirektøren vil sjå til at det vert nytta tilstrekkeleg med tid og ressursar til planlegging, medverknad og gode prosessar fram til styrevedtak, og før iverksetjing.

Framlegg til vedtak:

Styret tar oversikten til orientering.

Stavanger, 26.03.2007

Per Ramvi
universitetsdirektør

John B. Møst
ressursdirektør